

# BESTANDSPLAN FOR HJORT



INSTEDALEN

STORVALD

## **INNHALDSLISLE**

### **DEL 1 INNLEIING**

- 1.1 Planområde.....3
- 1.2 Planperiode.....3
- 1.3 Hovudmål og delmål.....3

### **DEL 2 STATUS OG VURDERINGAR**

- 2.1 Hjorteviltstammass utbreisle og trekkforhold.....3
- 2.2 Beiteskader.....3
- 2.4 Fellingsstatistikk.....3
- 2.4.1 Felte dyr fordelt på alders og kjønnsgrupper.....4
- 2.4.2 Tildeling og fellingsprosent.....4

### **DEL 3 HANDLINGSDEL**

- 3.1 Avskyting.....6
- 3.2 Felling av skadedyr .....7
- 3.3 Sett – hjort og vårteljing.....7

### **DEL 4 DRIFT**

- 4.1 Utgifter.....7
- 4.2 Eppersøksavtaler.....7
- 4.3 Rapportering.....7

### **DEL 5 AVSKYTINGSPLAN**

## **DEL 1        INNLEIING**

### **1.1 Planområde**

Valdet sitt område er avgrensa slik:

Berg/Svoda, Vona, Nes, Svorstøl, Øyjord, Øvre Fimland, Indre Fimland, Bruflot, Åsen og Trodal

Totalt areal for valdet er 27 025 dekar

### **1.2 Planperiode**

Denne planen gjeld for treårs perioden 2008 – 2010. Planen skal reviderast innan utgangen av 2010.

### **1.3 Hovudmål og delmål**

Valdet har som overordna mål å forvalta hjortestamma på ein slik måte at ein sikrar ein optimal og vedvarande produksjon og avkastning , sunne og friske dyr, god kjøns og alders fordeling med passande stammestorleik i høve til område si bæreevne (beitetilgong) og skadepress (skog og innmark) for anna verksemd.

- Halde på den gode kvaliteten på dyra
- Halde på eller betre forholdet mellom koller og bukkar
- Auke slaktevektene
- Betre avgjerslegrunnlaget
- Minke hjorteskaden på innmark

## **DEL 2        STAUTS OG VURDERINGAR**

### **2.1 Hjorteviltstammans utbreisle og trekkforhold**

Ein legg til grunn at det nok er trekk av dyr ut og inn av dalen i løpet av året. Då spesielt i høve til sommar og vinterbeite, noko som gjer at det i indre delar av område ikkje er mykje overvintring av dyr. Ei trend dei siste åra har vore at det overvintrar meir dyr i område dei siste åra. Det er merka dyr i tilgrensande områder som nyttar område i Instedalen som sommarbeite. Det skal arbeidast opp mot merkjeprojektet i Sunnfjord og Ytre Sogn i løpet av planperioden i høve til vidare kartlegging av dette.


### **2.2 Beiteskader**

Det er ikkje gjort undersøkingar som avdekkjer eventuelle beiteskader på skog eller innmark. Men skadeomfanget på innmark er lokalt stort, og det skal arbeidast for å gjere noko med dette i denne planperioden.


### **2.4 Fellingsstatistikk**

Statistikk over fellte er det einaste ein har å gå utifrå når ein skal seie noko om status for bestanden, og vi har tal ifrå 2001 til 2007. Under følgjer ei samanstilling av kva som er felt av dyr i planområdet.

### 2.4.1 Fellte dyr i tal fordelt på alders og kjønnsgrupper



**Figur 1.** Figuren viser at det har blitt skote ein stor del eldre dyr dei siste åra, og av desse er det mange eldre hodyr



**Figur 3.** Viser utvikling i fellingsprosent dei siste åra

### 3.1 Avskyting

Instedalen storvald legg til grunn at det har vore ei auke i tal dyr i området dei siste åra. Det har og vore fleire dyr som har overvintra enn det som var normalt før. Kvaliteten på dyra er jamt over god, noko høge slaktevekte og underbygger. Det er på det reien at med aukande tal hjort i område i større delar av året har og skadepresse på innmark auka mykje i spesielle område. Dette er noko storvaldet vil ta tak i med det første innafor dei rammene lokal forvaltning gir.

Sjølv om det vert meir dyr i valdet som overvintrar er valdet eit typisk sommarbeite for hjort, noko som gjer til at det etter midten av September er lite hjort igjen. Dette kan vere med på å forklare den noko låge fellingsprosenten.

Sjølv om kvaliteten på dyra er god har det dei sto siste åra vore ein tendens til at vektene på kalvar og ungdyr har gått noko ned. Dette er det viktig å ta tak i som lokale forvaltarar, og det skal difor innførast ei skarpdyrkvote i valdet. Dette vil gjere til at ingen tapar kjøt om ein vel å skyte små dyr av ungdyr og kalv. Dette er eit viktig tiltak i høve til å auke alderen og produksjonen i ein hjortebestand. Det vil og heilt klart vere med på å halde på, eller auke dei gode vektene. Skrapdyrkvota skal forvaltast på ein slik måte at styret oppnemnar ein person med vara til å kontrollere om dyret er under gitte vektgrenser. 10 % av årleg kvote skal vere skrapdyr dyra skal vegast varme eller så fort det praktisk let seg gjere. Grensene for skarpdyr er sett til følgjande:

- Hokalv under 20 kg
- Hannkalv under 21 kg
- 1,5 års bukk under 44 kg
- 1,5 års kolle under 43 kg

Instedalen storvald ser det og som viktig at ein del av dei største bukkane vert spart i jakta. Det er viktig at eit slikt tiltak vert gjennomført i heile valdet.

Vidare vil ein naturleg konsekvens av målsettingane og det som står over vere at det skytast meir unge dyr i denne planperioden enn det har blitt gjort før.

Koller skal ikkje skytast frå kalven, og jaktleiaren i kvart jaktfelt har ansvaret for jakta i dei einskilde jaktfelte. Jaktfeltleiaren innrapporterar felte dyr til valdleieren straks etter jaktslutt.

### 3.2 Felling av skadedyr

Felling av skadedyr handsamas av dei einskilde jaktfelt, og fellte dyr takast på jaktfeltet si kvote. Ved større skadeproblem legg ein i planperioden opp til eit aktivt samarbeid med kommunen med sikte på å finne løysingar dersom slike høve skulle oppstå. Utanom jakttida må det søkjast kommunen om skadedyrløyve.

### 3.3 Sett hjort og vårteljing

Det er drive med sett hjort registreringar i valdet sidan 2005. Dette skal vi halde fram med, og på same måte sikre eit betre avgjerslegrunnlag i den lokale forvaltninga av hjortestamma. Vårteljinga vi har hatt skal vidareførast.

## **DEL 4 DRIFT**

### **4.1 Utgifter**

Utgifter til drift av laget dekkjast av Instedalen Storvald, og det skal i høve til dette arbeidast opp mot det kommunale viltfondet om å dekkje utgifter til normal drift av valdet etter søknad.

### **4.2 Ettersøksavtaler**

Kravet om godkjent ettersøkshund er ikkje grunneigarretta, men eit krav til jegeren. Krav om ettersøksavgift vert sendt ut til dei einskilde jaktfelta i god tid før jakta med krav om innbetaling. Vidare skal ordninga med kommunalt ettersøkslag vidareførast i tida som kjem.

### **4.3 Rapportering**

Alle jaktfelt i valdet skal årleg levere rapport om felte dyr i høve til tal dyr og fordeling på kjønn og alder samt slaktevekter til styret i laget straks etter kvar jaktssesong.

### **4.4 Jaktordningar**

Styret i Storvaldet skal saman med kommunen jobbe for å få til gode samjaktløysingar for område i valdet der dette sjåast på som eit problem

## **DEL 5 AVSKYTINGPLAN**

Instedalen Storvald inngår følgjande bindande avtale med Naustdal kommune om avskyting av hjort for perioden frå og med 2008 – 2010

- Instedalen Storvald får tildelt for heile planperioden 150 dyr. Dette gir ei fordeling på 50 løyver per år.
- Fellingsresultatet for dei tre avtaleåra etter jaktssesongen 2010 vere slik: Minimum 20% kalv, minimum 40% ungdyr, maksimum 20% eldre kolle og maksimum 20% eldre bukk
- Dette kan fråvikast enkelt år (+- 20%) det er sluttsummen som skal gjelda
- Alle løyva vert tildelt storvaldet frå kommunen som frie dyr.

Elles gjeld dei same pliktar om jakt og rapportering som viltlova med forskrifter stiller krav om.

Valdansvarleg for laget

For kommunen

.....  
Naustdal kommune  
V/ Henning Malones

.....